



Referat frå kommunemøte 24. august 2023

Deltakarar: Kommunane, Mattilsynet, UDI, Sivilforsvaret, fylkeskommunen og KS.

Ikkje til stades: Askvoll, Fedje, Fitjar, Fjaler, Sunnfjord, Stord, Sveio, Ulvik, Årdal

Innhald

1. Innleiing og orienteringssaker	1
Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina.....	1
Oppdrag om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktingar	2
Fagsamlingar og konferansar i haust.....	2
Eigenberedskapsveka 2023	2
Ekstremvêret "Hans"	3
2. Fugleinfluensa	3
3. Nytt beredskaps- og krisestøtteverktøy	4

1. Innleiing og orienteringssaker

Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Det ser ikkje ut til å ha vorte særleg store endringar i den militære situasjonen i Ukraina i løpet av sommaren. Den ukrainske offensiven held fram, men utan at den så langt ser ut til å føre til gjenvinning av større landområde. Ein viktig grunn til det er at russarane har nytta tida godt til å bygge forsvarsverk som det er svært krevjande å bryte gjennom.

Inntrykket både i offisielle rapportar som vi får tilgang til, og uttalar frå pålitelege kommentatorar, at det ikkje per no ikkje er venta eit snarleg stort ukrainsk gjennombrot.

I ein artikkel i New York times tidlegare denne veka, vart det vist til uttalar frå amerikanske og andre vestlege tenestemenn, som peiker på at dei ukrainske styrkane er for spreidde. Avisa skriv at Ukraina slit med å bryte gjennom det russiske forsvaret fordi det har for mange troppar på feil stadar.

Det verkar heller ikkje som om det på det diplomatiske området er særleg håp om ein snarleg slutt på krigen. Så lenge begge partar meiner at dei har meir å vinne enn tape på å halde fram krigen, er det nok lite interesse for å starte forhandlingar.

Vi deltok i eit beredskapsmøte med nasjonale styresmakter sist onsdag. UDI fortalte at det i sommar har vore ein trend til tal at talet flyktingar som kjem til landet aukar. Ukrainarar er den dominerande gruppa, men det er også ein god del auke i talet flyktingar frå andre land.

UDI har tildelt 28 nye avtalar om drift av asylmottak over heile landet, med totalt 5305 plassar (oppstart i august). På Bømlo opprettar Sana Mottaksdrift AS eit mottak med 150 plassar.



Statsforvaltaren i Vestland

Oppdrag om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktingar

Vi viser til kommunemøta i mai og juni, og e-post frå oss av 05.07.2023, der vi orienterte om kartlegginga av mogleg kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktingar. Som vi sa då, er vi heilt avhengige av dialog med kommunane for kunne gjere kartlegginga.

Vi manglar framleis tilbakemelding frå mange kommunar. Vi oppmodar dei kommunane som ikkje har svart, om å ta kontakt med oss viss det er problem med å gjennomføre kartlegginga som vi ba dykk om.

Det er kommunar som seier at dei absolutt ikkje har areal som kan høve. Vi synst det er rart at det t.d. ikkje ein gong er tilgjengeleg areal til å setje opp telt. Vi appellerer difor til å gjere ei ny vurdering av om det kan finnast moglegheiter for å kunne finne areal i ein naudsituasjon. Alternativet er å overlate til dei andre kommunane å bidra inn i ein nasjonal dugnad den dagen det måtte verte nødvendig.

Det finn informasjon og excel-mal for utfylling i e-posten frå oss den 5. juni. Vi legg på den som vedlegg i utsendinga av referatet.

Fagsamlingar og konferansar i haust

Vi ønskjer å minne om nokre av aktivitetane våre i haust.

Vi har invitert kommunane til fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap i Førde 24. og 25. oktober. Tema for samlinga vil m.a. vere beredskapsarbeidet i kommunane i møte med nye samfunnsutfordringar, arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar og samarbeid med næringslivet.

Vi håpar flest mogleg melder seg på. Fristen for påmelding er 26. September.

Vestland står no for tur som arrangør av Nasjonal Fjellskredkonferanse. Denne vert i Flåm i Aurland 17. og 18. oktober, og er primært for kommunane med fjellskredproblematikk.

Tema for konferansen vil mellom anna vere geofagleg status, endringar i TEK17 og arealplanlegging, befolkningsvarsling, evakuering og kommunikasjon. Sjå vedlagt førebels program.

Konferansen vil ha deltaking frå kommunar og embete frå mange delar av landet. I tillegg frå direktorat, departement og andre aktørar som arbeider med beredskap og andre problemstillingar knytt til fjellskred. Fjellskredkommunane fekk invitasjonen på e-post den 30. juni. Vi oppmodar om å ta kontakt om de ønskjer å få invitasjonen tilsendt på nytt.

Frist for påmelding er 15. september og det er avgrensa plass på konferansen. Vi oppmodar difor om å melde dykk på tidleg for å sikre plass og overnatting.

Eigenberedskapsveka 2023 (veke 44, dvs. 30. oktober til 5. november)

Krigen i Ukraina gjorde at eigenberedskap fekk stor merksemd i 2022. DSB skriv at i timane og dagane etter at den fullskala invasjonen i februar 2022, var det over ein million besøk på deira nettsider med råd om eigenberedskap.

I starten av juni sendte DSB eit brev til kommunane om eigenberedskapsveka. Brevet frå DSB viser til kor de finn meir informasjon, og korleis kommunane kan engasjere seg. Vi legg brevet ved i utsendinga av referatet og oppmodar kommunane om å delta i eigenberedskapsveka.



Ta gjerne kontakt om de ønsker å diskutere noko med oss, eller for å informere om lokale aktivitetar de tenker å gjennomføre. Vi forstår at Sivilforsvaret planlegg noko aktivitet eigenberedskapsveka. Orienter gjerne sivilforsvarsdistriktet viss de planlegg lokale aktivitetar.

Ekstremvêret "Hans"

Søndag 6. august sendte MET og NVE ut raudt farevarsel for ekstremvêret «Hans», for delar av Sør-Noreg. Vêret råka særleg Innlandet og Oslo/Viken, med store konsekvensar for infrastruktur, vegnett, bustadar og bygningsmasse. I Vestland var det i hovudsak Indre Sogn som fekk ein smak av uveret. Så vidt vi veit er likevel konsekvensane avgrensa til å gjelde vegnettet i Lærdal og Aurland. I Lærdal gjekk det fleire skred.

I kjølvatnet av Hans har vi fått ein presentasjon frå forsikringsskadepoolen, om naturskadeordningane. Vi legg den ved referatet. Sjølv om den ikkje er så relevant hjå oss no, vil det heilt sikkert kome hendingar seinare der naturskadeerstatning vert eit aktuelt tema i Vestland.

- Særleg om Nødvarsel på mobil

For første gong vart Nødvarsel på mobil brukt i ein reell situasjon, og politiet sendte ut varsel i dei kommunane der det var venta mest nedbør. I diskusjonen vi hadde på førehand om det burde sendast ut varsel i Vestland, var omsynet til å informere turistar det tyngste argumentet.

Det har vore nokre relativt få negative tilbakemeldingar på dette. Vi har oppmoda om at nødvarslinga vert omfatta av den nasjonale evalueringa av Hans. Det vil vere nyttig å sjå på både den administrative og den tekniske sida av systemet. Ei av tilbakemeldingane er at ein del har opplevd å få meldingar fleire gonger, og at varselet har nådd telefonar som var eit godt stykke borte frå kommunen som varslinga skulle omfatte. Vi har også hørt om folk som var her i fylket, likevel fekk meldingar som vart sendt ut i Innlandet.

2. Fugleinfluenta

Det store utbrotet av fugleinfluenta i Finnmark har vore mykje omtalt i media i sommar. Det er særleg rundt Vadsø at influensaen vart svært synleg då det vart funne store mengder døde og døyande fuglar. Utbrotet vert karakterisert som det største som er observert av villfugl i Noreg.

I eit samvirkemøte sist veke sa Mattilsynet at det no vert rapportert om nedgang i talet døde fuglar som vert meldt inn.

Som nesten alltid elles er kommunane ein svært viktig aktør. Vi sendte 27. juli vidare eit brev frå Mattilsynet. Der oppmoda dei kommunane om å gjere nødvendige førebuingar, ved m.a. å førebu innsamling av døde fuglar, slik at det kan kome raskt i gang ved behov. Det for å bidra til eit noko redusert smittepress.

FHI har laga ein rettleiar for helsepersonell:

<https://www.fhi.no/sm/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/fugleinfluensa/?term=>

Seksjonssjef Erik Ulvik, avdeling Bergen og omland orienterte om kva fugleinfluenta er, om risiko for smitte til andre dyr og menneske, korleis Mattilsynet ser på trusselbildet no, og kva kommunane bør og kan førebu seg på. Vi legg presentasjon som blei vist i møtet ved utsendinga av referatet.



Brann- og beredskapssjef i Gloppen kommune, Kjell Aske, orienterte om deira erfaring med handtering av daude og sjuke fuglar no i sommar, og korleis dei laga ei prosedyre for det. Vi legg presentasjonen med.

3. Nytt beredskaps- og krisestøtteverktøy

Som kjent har DSB inngått ein rammeavtale om nytt krisestøtteverktøy, der valet til slutt hamna på verktøyet frå Rayvn/Proactima. Avtalen med F24 om krisestøtteverktøyet CIM vert terminert frå utgangen av september.

Vi veit at det har skapt ein del frustrasjonar at dette kjem i ei travel tid, der folk både skal avvikle ferie og førebu gjennomføringa av kommune- og fylkestingsval. Vår tilråding er å bite tennene saman og sjå framover. Dette får vi absolutt ikkje gjort noko med. Kontrakten med F24 var langt på overtid allereie, og regelverket for offentlege innkjøp gjer at staten v/DSB var forplikta til å hente inn nytt tilbod. Når avgjerda drog ut i tid, skuldast det ei rettsleg stemning som F24 tok ut, men som altså ikkje førte fram.

Vi sjølv har vore godt nøgd med CIM, men så lenge F24/CIM tapte i konkurransen, avsluttar vi bruken til 1. oktober. Vi håpar at alle kommunane tar i bruk Ravyn, ikkje minst fordi det vil gjere det lettare å samhandle når det skjer uønskte hendingar.

I tillegg til å bite tennene saman, tilrår eg at de startar med gå gjennom dei e-læringsprogramma som Ravyn tilbyr. Så langt er inntrykket vårt at systemet er lett å bruke, og at det difor ikkje bør vere veldig krevjande å gå gjennom opplæringa.

Kontaktpersonane i kommunane har fått tildelt brukarkonto, og må tildele brukartilgangar til dei som treng det i eigen organisasjon.

I e-posten 7. juli la vi ved ei rettleiing frå DSB for korleis å eksportere frå CIM. Ein person hjå oss brukte ca. 3-4 timer på å eksportere litt over 100 hendingar frå CIM til arkivering. Dette kan gi kommunane ein liten peikepinn på kor mykje tid/ressursar de treng å bruke på å eksportere frå eigne CIM-installasjonar.

Både Ravyn og DSB er veldig på tilbodssida, og gir 24/7 brukarstøtte til kommunane og oss andre.

Utanom dei digitale webinara og e-læringa (sjølvstudium) vil det kome digitale kurs, men **det vert og arrangert eit fysisk kurs i Bergen mandag 18. september**. Viss det er mange nok kan det i så fall verte to kurs den dagen (både før og etter lunsj). Det er fint om de kan tenkje gjennom om dykkar kommune ønsker å delta på kurset, og gi oss ei tilbakemelding (på sfvberedskap@statsforvalteren.no) om kor mange det i så fall kan vere aktuelt for. Det gjer det litt lettare for oss når vi no skal leite etter eit aktuelt kurslokale.

Neste planlagde kommunemøte er 21. september. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda før møtet.